



Til medlemmer i Fylkesutvalet

Kinsarvik, 21. november 2017

Vedr. saka om redusert tilbod på Hardangerfjorden 2018

Det er med stor skuffelse me har motteke informasjon om at båttilbodet for sommaren 2018 er tenkt redusert. Dette er sær negativ for Indre strøk.

Hardanger er i vekst, også innan reiselivet. I sommarsesongen er det stort sett fullt belegg over alt og me har mange tilreisande turistar som nyttar båttilbodet. Det står og lesa i innlegget i Hordaland Folkeblad, 27. oktober -17, at dei to turane som er tenkt fjerna, utgjere ein tredjedel av seglingsdistansen.

Denne ruta er lagt opp til å bringa folk inn i distriktet på ettermiddag/kveld og attende om morgonen. Så langt me skjønar vil dette ha negative konsekvensar for tall overnattingar. Også sær uheldig at det vert gjort endringar i eit tilbod som allereie er etablert. Tilbodet som det er i dag gjev overnattingsbedrifter i heile indre Hardanger trafikk som elles hamnar andre stader. Me trur ikkje dette er trafikk me får igjen ein dag forseinka, og sidan det finnes bussruter som korresponderer rimeleg greitt, så gjev dette ringverknadar heilt til Eidfjord og Odda.

Reiselivet i Hardanger arbeider hardt mot å utvida sommarsesongen til å gjelda frå 1. april – 31. oktober. Me ser endringar i måten turistar tek seg fram. Trolltunga-effekten har breidd seg til heile Hardanger og sesongen strekkjer seg no ut i det som me tidlegare kalla for skuldersesong. Me ser tydlege endringar i måten turistar reiser inn til Hardanger.

Ikkje berre treng me dei tidlege avgangane som allereie eksisterar, men me treng også eit utvida tilbod. Me ser behovet for at rutetilbodet på Hardangerruta også gjeld for heile april og heile oktober.

MS Brage har hatt oppgang i reisande samanlikna med 2016:

Mai: 9%

Juni: 14%

Juli: 20%

August: 20%

På vegne av styret og medlemmer i Ullensvang Næringsforum vonar me de tek desse innspel med vidare i prosessen.

Kristine Hesthamar

Geir Midtun

Dagleg Leiar

Styreleiar

Ullensvang Næringsforum